

Stort besøk i Uskedalen denne helga.

27.05.2017



Svært godt besøk på Rabben Feriesenter.

Vi er inne i ei langhelg med strålende ver. Mange nyttar høvet til reising og oppleving, og dette har gjort at Uskedalen har svært mange gjester denne helga. Både båthamna og campingplassen fortel tydeleg om dette. Mange tilreisande turgåarar har også vore å sjå gåande med ryggsekk, og aktiviteten i klatreveggen i Ulvanåso er i gang.



Også i båthamna var det mykje gjester. Bildet viser ytre delen av hamna.

Eg tok turen nedom Rabben Feriesenter laurdag førermiddag, og Magne Heggøy var svært så fornøgd med besøket.

- Det er akkurat slik vi vil ha det! Fullt i alle hytter, mykje folk i dei faste vognene og tett med bubilar på plassen, og strålende vær, sa han fornøgd. Vidare kunne han fortelja at gjestene kom frå heile landet og frå Tyskland. Dei kom av grunnar der naturen var den absolutte fellesnemnaren. Nokre gjekk turar i fjellet og i nærområdet, nokre fiska og andre nytta seg av klatreeldoradoet i nærleiken. I nabohytta budde 6 klatrarar frå Oslo og Drammensområdet.

Dei fortalde at dei var ein gjeng som reiste rundt og klatra i heile landet og i Europa. Dei var her for første gang og var imponert over dei flotte mulighetene. Dei hadde vore i Ulvanåso torsdag, og så hadde dei vore i Bjørndalstindane i går. Sistnemnde tur vart lengre og meir slitsam enn venta m.a. grunna snø.

- Vi var ikkje tilbake før kl.7 i dag tidleg, kunne tre av dei fortelja medan dei slappa av med kaffi i sola utanfor hytta.



Tre av klatrarane slappar av etter ein hard og lang tur i går og i natt.

Magne Heggøy kunne fortelja at det var fleire klatregupper blant gjestene. Då eg var innom syntes eg det var svært mange bubilar. Likevel var nokre reist vidare, medan andre kjem til utover dagen. Då eg var på Oska torsdag, la eg merke til at ein svært stor del av gjestene der var tilreisande. Denne restauranten i strandkanten og det nye aktivitetsområdet borte ved skulen, gjer Uskedalen til ei endå meir komplett bygd for feriegjester.

I båthamna har det vore svært mykje gjestebåtar desse dagane.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland